

## KOMMISJONSAVGJERD

2015/EØS/76/69

av 12. mai 2010

## om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og veterinæreiningar i TRACES

[meld under nummeret K(2010) 3040]

(2010/277/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll og avlskontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 20 nr. 1 og 3,

med tilvising til rådsdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestater, og om endring av direktiv 89/662/EØF, 90/425/EØF og 90/675/EØF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 4 andre leddet siste punktet,

med tilvising til rådsdirektiv 97/78/EF av 18. desember 1997 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av produkter som innføres til Fellesskapet fra tredjestater<sup>(3)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I kommisjonsvedtak 2009/821/EF av 28. september 2009 om utarbeiding av ei liste over godkjende grensekontrollstasjonar, om fastsetjing av visse reglar for dei inspeksjonane som veterinærakkunnige frå Kommisjonen skal utføre, og om fastsetjing av veterinæreiningar i TRACES<sup>(4)</sup> er det fastsett ei liste over grensekontrollstasjonar som er godkjende i samsvar med direktiv 91/496/EØF og 97/78/EF. Denne lista er ført opp i vedlegg I til det nemnde vedtaket.
- 2) Inspeksjonstenesta til Kommisjonen, Næringsmiddel- og veterinærkontoret, har utført ein inspeksjon ved grensekontrollstasjonen i hamna i Antwerpen i Belgia. Resultatet av inspeksjonen var tilfredsstillande. Det bør difor leggjast til endå eit kontrollsentor for denne grensekontrollstasjonen i den lista som er fastsett i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF. I tillegg bør kategoriane for dei eksisterande kontrollsentra ved denne grensekontrollstasjonen endrast.

- 3) Inspeksjonstenesta til Kommisjonen, Næringsmiddel- og veterinærkontoret, har utført ein inspeksjon ved grensekontrollstasjonen i hamna i Gdańsk i Polen. Resultatet av inspeksjonen var tilfredsstillande. Det bør difor leggjast til endå eit kontrollsentor for denne grensekontrollstasjonen i den lista som er fastsett i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 4) På grunnlag av meldingar frå Danmark og Polen bør visse kontrollsentor ved grensekontrollstasjonane til desse medlemsstatane strykast frå lista over grensekontrollstasjonar i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 5) På grunnlag av ei melding frå Frankrike bør grensekontrollstasjonen ved lufthamna i Brest strykast frå lista over grensekontrollstasjonar i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF. I tillegg bør visse kategoriar for grensekontrollstasjonane ved lufthamnene i Lyon-Saint Exupéry, Marseille og Nice endrast i lista over grensekontrollstasjonar i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 6) På grunnlag av meldingar frå Italia bør visse kategoriar for grensekontrollstasjonane ved lufthamnene Milano-Linate og Milano-Malpensa og lufthamnene i Palermo, Reggio Calabria og Rimini opphevast mellombels i lista over grensekontrollstasjonar i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF. I tillegg bør visse kategoriar for grensekontrollstasjonane ved lufthamna i Napoli endrast i lista over grensekontrollstasjonar i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 7) På grunnlag av ei melding frå Latvia bør grensekontrollstasjonen i hamna i Riga (Baltmarine Terminal) strykast frå lista over grensekontrollstasjonar i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF. I tillegg bør kategoriane for dei to kontrollsentora ved den godkjende grensekontrollstasjonen i hamna i Riga rettast i lista over grensekontrollstasjonar i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 121 av 18.5.2010, s. 16, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 61/2011 av 1. juli 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 54 av 6.10.2011, s. 13.

<sup>(1)</sup> TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29.

<sup>(2)</sup> TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56.

<sup>(3)</sup> TEF L 24 av 30.1.1998, s. 9.

<sup>(4)</sup> TEU L 296 av 12.11.2009, s. 1.

- 8) På grunnlag av ei melding frå Spania bør lista over grensekontrollstasjonar for denne medlemsstaten endrast for å ta omsyn til at godkjenninga av to av dei spanske grensekontrollstasjonane er mellombels oppheva, at den mellombels opphevinga ikkje lenger gjeld for visse kategoriar av produkt av animalsk opphav som kan kontrollerast ved ein av grensekontrollstasjonane, og at godkjenningkategoriane vert avgrensa for produkt av animalsk opphav ved ein annan av grensekontrollstasjonane som alt er godkjend i samsvar med vedtak 2009/821/EF.
- 9) På grunnlag av ei melding frå Nederland bør namnet på eit av kontrollsentra i hamna i Rotterdam endrast i lista over grensekontrollstasjonar i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 10) Lista over sentrale, regionale og lokale einingar i TRACES er fastsett i vedlegg II til vedtak 2009/821/EF.
- 11) På grunnlag av meldingar frå Danmark, Tyskland, Irland, Italia, Latvia og Finland bør visse endringar i dei sentrale, regionale og lokale einingane i TRACES gå fram av postane for desse medlemsstatane i vedlegg II til vedtak 2009/821/EF.
- 12) Vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.

- 13) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

1. Vedlegg I til vedtak 2009/821/EF vert endra i samsvar med vedlegg I til denne avgjerda.
2. Vedlegg II til vedtak 2009/821/EF vert endra i samsvar med vedlegg II til denne avgjerda.

*Artikkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 12. mai 2010.

*For Kommisjonen*

John DALLI

*Medlem av Kommisjonen*

## VEDLEGG I

I vedlegg I vert det gjort følgjande endringar:

1. I den delen som gjeld Belgia, skal posten for hamna i Antwerpen lyde:

«Antwerpen	BE ANR 1	P	GIP LO	HC(2), NHC	
Anvers			Kaai 650	HC(2)	
			Afrulog	HC(2), NHC»	

2. I den delen som gjeld Danmark, går posten for kontrollsenteret Centre 1, SAS 1 (North) ved lufthamna i København ut.

3. I den delen som gjeld Spania, vert det gjort følgjande endringar:

- a) Posten for lufthamna i Almeria skal lyde:

«Almeria (*)	ES LEI 4	A		HC(2) (*), NHC(2) (*)	O (*)»
--------------	----------	---	--	-----------------------	--------

- b) Posten for lufthamna i Asturias skal lyde:

«Asturias (*)	ES AST 4	A		HC(2) (*)»	
---------------	----------	---	--	------------	--

- c) Posten for lufthamna i Palma de Mallorca skal lyde:

«Palma de Mallorca	ES PMI 4	A		HC(2), NHC(2)	O»
--------------------	----------	---	--	---------------	----

- d) Posten for lufthamna i Vitoria skal lyde:

«Vitoria	ES VIT 4	A	Productos	HC(2), NHC-NT(2), NHC-T(CH)(2)	
			Animales		U, E, O»

4. I den delen som gjeld Frankrike, vert det gjort følgjande endringar:

- a) Posten for grensekontrollstasjonen ved lufthamna i Brest går ut.

- b) Posten for lufthamna i Lyon-Saint Exupéry skal lyde:

«Lyon-Saint Exupéry	FR LIO 4	A		HC-T(1), HC-NT, NHC»	
---------------------	----------	---	--	----------------------	--

- c) Posten for lufthamna i Marseille skal lyde:

«Marseille Aéroport	FR MRS 4	A		HC-T(1), HC-NT»	
---------------------	----------	---	--	-----------------	--

- d) Posten for lufthamna i Nice skal lyde:

«Nice	FR NCE 4	A		HC-T(CH) (1) (2)	O (14)»
-------	----------	---	--	------------------	---------

5. I den delen som gjeld Italia, vert det gjort følgjande endringar:

- a) Posten for lufthamna Milano-Linate skal lyde:

«Milano-Linate	IT LIN 4	A		HC(2), NHC(2)	O (*)»
----------------	----------	---	--	---------------	--------

b) Posten for lufthamna Milano-Malpensa skal lyde:

«Milano-Malpensa	IT MXP 4	A	Magazzini aeroportuali ALHA	HC(2), NHC(2)	
			SEA		U, E
			Cargo City MLE	HC, NHC (*)	O»

c) Posten for hamna i Napoli skal lyde:

«Napoli	IT NAP 1	P	Molo Bausan	HC, NHC-NT»	
---------	----------	---	-------------	-------------	--

d) Posten for lufthamna i Palermo skal lyde:

«Palermo (*)	IT PMO 4	A		HC-T (*)»	
--------------	----------	---	--	-----------	--

e) Posten for lufthamna i Reggio Calabria skal lyde:

«Reggio Calabria (*)	IT REG 4	A		HC (*), NHC (*)»	
----------------------	----------	---	--	------------------	--

f) Posten for lufthamna i Rimini skal lyde:

«Rimini (*)	IT RMI 4	A		HC(2) (*), NHC(2) (*)»	
-------------	----------	---	--	------------------------	--

6. I den delen som gjeld Latvia, vert det gjort følgjande endringar:

a) Posten for hamna i Riga skal lyde:

«Riga ( <i>Riga port</i> )	LV RIX 1a	P		HC(2), NHC(2)	
			Kravu termināls	HC-T(FR)(2), HC-NT(2)»	

b) Posten for grensekontrollstasjonen i hamna i Riga (*Baltmarine Terminal*) går ut.

7. I den delen som gjeld Nederland, skal posten for hamna i Rotterdam lyde:

«Rotterdam	NL RTM 1	P	Eurofrigo Karimatastraat	HC, NHC-T(FR), NHC-NT	
			Eurofrigo, Abel Tasmanstraat	HC	
			Frigocare Rotterdam B.V.	HC-T(FR)(2)	
			Wibaco	HC-T(FR)(2), HC-NT(2)»	

8. I den delen som gjeld Polen, vert det gjort følgjande endringar:

a) Posten for hamna i Gdańsk skal lyde:

«Gdańsk	PL GDN 1	P	IC 1	HC(2), NHC	
			IC 2	HC(2), NHC(2)»	

b) Posten for hamna i Gdynia skal lyde:

«Gdynia	PL GDY 1	P	IC 1	HC, NHC	U, E, O»
---------	----------	---	------	---------	----------

*VEDLEGG II*

I vedlegg II vert det gjort følgjande endringar:

1. I den delen som gjeld Danmark, skal postane for dei noverande tre regionale einingane NORD, SYD, ØST og dei lokale einingane lyde:

**«DK0001 REGION VEST**

DK00800 HADERSLEV  
DK00900 ESBJERG  
DK01000 VEJLE  
DK01100 HERNING  
DK01200 ÅRHUS  
DK01300 VIBORG  
DK01400 AALBORG

**DK0002 REGION ØST**

DK00100 RØDOVRE  
DK00400 RINGSTED  
DK00700 ODENSE»

2. I den delen som gjeld Tyskland, vert det gjort følgjande endringar i posten for «NIEDERSACHSEN»:

- a) ZWECKVERBAND JADE-WESER vert bytt ut med:

«DE14103 ZWECKVERBAND VETERINÄRAMT JADEWESER»

- b) BRAKE, ZWECKVERBAND JADE-WESER vert bytt ut med:

«DE46103 BRAKE, ZWECKVERBAND VETERINÄRAMP JADEWESER»

- c) WITTMUND, ZWECKVERBAND JADE-WESER vert bytt ut med:

«DE46903 WITTMUND, ZWECKVERBAND VETERINÄRAMPT JADEWESER»

3. I den delen som gjeld Irland, går følgjande lokale einingar ut:

«IE00100 CARLOW  
IE00300 CLARE  
IE01000 KILKENNY

IE01400 LONGFORD

IE01500 LOUTH

IE02100 TIPPERARY NORTH

IE01200 SLIGO»

4. I den delen som gjeld regionen «LOMBARDIA» i Italia, skal posten for den lokale eininga MILANO 3 lyde:

«IT02903 MONZA e BRIANZA»

5. I den delen som gjeld Latvia, vert det gjort følgjande endringar:

- a) Posten for den lokale eininga RIGA (BFT) skal lyde:

«LV00028 RIGA-MN»

- b) Følgjande lokale eining går ut:

«LV00030 BALTMARINE TERMINAL»

6. I den delen som gjeld Finland, vert det gjort følgjande endringar:

- a) Posten for den sentrale eininga skal lyde:

«FI00000 ELINTARVIKETURVALLISUUSVIRASTO EVIRA»

- b) Postane for dei lokale einingane skal lyde:

«FI00100 ETELÄ-SUOMEN ALUEHALLINTOVIRASTO, HELSINKI

FI00200 LOUNAISSUOMEN ALUEHALLINTOVIRASTO

FI00300 AHVENANMAAN VALTIONVIRASTO

FI00400 ETELÄ-SUOMEN ALUEHALLINTOVIRASTO, HÄMEENLINNA

FI00402 LÄNSI- JA SISÄ-SUOMEN ALUEHALLINTOVIRASTO, TAMPERE

FI00500 ETELÄ-SUOMEN ALUEHALLINTOVIRASTO, KOUVOLA

FI00600 ITÄ-SUOMEN ALUEHALLINTOVIRASTO, MIKKELI

FI00700 ITÄ-SUOMEN ALUEHALLINTOVIRASTO, JOENSUU

FI00800 ITÄ-SUOMEN ALUEHALLINTOVIRASTO, KUOPIO

FI00900 LÄNSI- JA SISÄ-SUOMEN ALUEHALLINTOVIRASTO, JYVÄSKYLÄ

FI01000 LÄNSI- JA SISÄ-SUOMEN ALUEHALLINTOVIRASTO, VAASA

FI01100 POHJOISSUOMEN ALUEHALLINTOVIRASTO

FI01200 LAPIN ALUEHALLINTOVIRASTO»